



Vang kommune

ArkivSakID: 22/143
JournalpostID: 22/2121
ArkivID: GBNR-5/1
Saksbehandlar: Ingeborg Lunde

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
015/22	Kommunestyret	24.03.2022

Kommunedelplan Tyinkrysset - Grøvtølen høgdebasseng

Vedlegg:


14.03.2022	Nabomerknad - skitrasé Grøvtølen	186740
11.03.2022	Fråsegn - Vang - dispensasjon - Tyinkrysset - etablering av høgdebasseng og tilhøyrande veg og parkering - gbnr 5/1 og gbnr 7/2	186636
03.03.2022	NVE sin generelle uttale - Søknad om dispensasjon for høgdebasseng og tilhøyrande veg og parkering - Gnr. 5 bnr. 1 og gnr. 7 bnr. 2 - Tyinkrysset - Vang kommune	186220
28.02.2022	Merknader til nabovarsel/dispensasjonssøknad av 14.02.2022. HOLHEN - 18/514-37	185679
16.02.2022	Vang kommune ber om uttale i dispensasjonssak - kommunedelplan Tyinkrysset	185049
14.02.2022	Dispensasjonssøknad for Grøvtølen høgdebasseng	185025

Saksopplysningar:

Det er i kommunedelplan for Tyinkrysset sett av areal til nytt høgdebasseng ved Grøvtølen, HB_01, med tilkomst frå Grøvtølvegen, arealformål samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (sosi kode: 2001).

Kommunen har diverre ikkje kome i hamn med avtale med grunneigarane av arealet sett av i kommunedelplanen og har sett på alternativ plassering av eit høgdebasseng.

Forslag til ny plassering er på gnr/bnr 5/1, med tilkomst frå Grøvtøta.



Figur 1 Avsett område til høgdebasseng i kommunedelplanen vist med blå sirkel, omsøkt areal vist med rosa sirkel



Figur 2 Utklipp over tiltaka som ein ynskjer å etablere (henta frå søknad)

Det vart vurdert at ein kunne behandle dette som ein dispensasjon og saka vart sendt på høyring til Statsforvaltaren i Innlandet, Innlandet fylkeskommune og NVE 15.02.22 og naboar vart varsla 14.02.22. Det kom inn to uttaler frå overordna myndigheiter og to uttaler frå naboar, sjå vedlegg.

Statsforvaltaren i Innlandet har ingen vesentlege merknadar til at kommunen gir dispensasjon, men meiner at denne saka burde vore handsama som ei reguleringsendring og ikkje dispensasjon. Statsforvaltaren skriv at ved å handsame søknaden som ei reguleringsendring vil ein få ei meir føreseieleg og langsiktig arealavklaring gjennom plan. Ei endring av planen endrar plankart og/eller føresegnar og gir ein permanent rettigheit. For oversikta si skyld er det også ein klar fordel at tiltaket er synleg i plandokumenta. På grunn av tiltaket sitt omfang skriv Statsforvaltaren at det er rimeleg å tru at endringa kunne vore handsama som ei reguleringsendring etter forenkla prosess.

Plan og bygningsloven §11-17 omtalar endring og oppheving av kommuneplanen sin arealdel. Her står det at kommunestyret kan delegerer myndigheit til å vedta mindre endringar i planen i samsvar med kommuneloven sine reglar. I Vang kommune er myndigheiten til å vedta slike endringar hos kommunestyret jamfør delegeringsreglementet vedteke i KS-051/21.

Vurdering:

Administrasjonen støttar vurderingane til Statsforvaltaren om at denne endringa burde vore

behandla som ei mindre endring i staden for dispensasjon. Areal for høgdebasseng er eit varig tiltak og høgdebassenget er kritisk for vassforsyninga på Tyinkrysset og Filefjell. For å sikre dette arealet og unngå missforståingar i framtida vil det vere ein fordel om ein får tiltaket med i plankartet med riktig arealformål og tilhøyrande føresegner frå fyrste stund.

Administrasjonen vurderer at ei slik endring av kommunedelplanen vil kunne utførast etter bestemmelsane i plan- og byningsloven §11-7 som gjeld mindre endring. Tiltaket vil i liten grad påverke gjennomføringa av planen for øvrig, det vil ikkje gå utover hovudrammene i planen og heller ikkje røre viktige natur og friluftslivsområder. Det er eit ynskje å få vedteke ei slik endring så fort det lar seg gjere slik at ein kan setje i gang med tiltaket så raskt som råd. Ei slik endring må på 3 veker høyring før ein kan leggje den fram for sluttbehandling.

Fyrste høve til å få sluttbehandla ei slik endring vil vere i kommunestyret 19. mai. Administrasjonen arbeider for å ha saka klarså fort det lar seg gjere og ser ei moglegheit til å rekke møtet i hovudutval for utvikling 26. april. Administrasjonen vil sende forslaget til endring på høyring til overordna myndigheiter, naboar og andre som kan bli rørt av endringa.

Administrasjonen vil på bakgrunn av dette be om at hovudutval for utvikling får delegert myndigheit til å vedta mindre endring av kommunedelplan for Tyinkrysset jf. plan og bygningslova §11-17 og kommuneloven §5-3. Formålet med endringa vil vere å:

- leggje til rette for høgdebasseng på gnr/bnr 5/1
- endre formålet på det arealet som i gjeldande plan er avsett til høgdebasseng (gnr/bnr 6/1) til LNFR
- gjere mindre justeringar på arealformålet knytt til naboeigedom nord for nytt høgdebasseng

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret støtter vurderingane administrasjonen har gjort og delegerer myndigheita til å vedta mindre endring av kommunedelplan for Tyinkrysset til hovudutval for utvikling jf. plan og bygningslova §11-17 og kommuneloven §5-3. Formålet med endringa vil vere å:

- leggje til rette for høgdebasseng på gnr/bnr 5/1,
- endre formålet på det arealet som i gjeldande plan er avsett til høgdebasseng på gnr/bnr 6/1 til LNFR
- gjere mindre justeringar på arealformålet knytt til naboeigedom nord for nytt høgdebasseng

Kommunestyret 24.03.2022:

Behandling:

Framlegg til vedtak: Samrøystes vedteke
Arealplanleggjar Ingeborg Lunde la fram saka

KS- 015/22 Vedtak:

Kommunestyret støtter vurderingane administrasjonen har gjort og delegerer myndigheita til å vedta mindre endring av kommunedelplan for Tyinkrysset til hovudutval for utvikling jf. plan og bygningslova §11-17 og kommuneloven §5-3. Formålet med endringa vil vere å:

- leggje til rette for høgdebasseng på gnr/bnr 5/1,
- endre formålet på det arealet som i gjeldande plan er avsett til høgdebasseng på gnr/bnr 6/1 til LNFR

- gjere mindre justeringar på arealformålet knytt til naboeigedom nord for nytt høgdebasseng